

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Nord-Norge

**Tid/Sted:** Fredag 17.02.17 kl 12.30 - kl 14.30

**Tilstede:** Pål Ove Wika, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Svein Slåtsveen, Fred Tore Fagereng og Teig Madsen.

Til sak 1: Arne Flatmo, Pål Løvås, Trine Myrvang, og Espen Holen

**Forfall:** Merethe Sund, Svein Inge Jakobsen, Christer Skreslett, Lars Ivar Fause og Bernt Mikalsen.

**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg

**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 17. februar 2017

| Sak nr. | Emne   | Ansvar     |
|---------|--|------------|
| 1       | <p><b>Gjennomgang av årsmelding og rekneskap, basert på plansjeserien til kretsmøta</b></p> <p>Pål Ove orienterte om at han har prata med Jan Ottar Østring, som har skrivne brev på vegne av Troms Bondelag. Han stilte spørsmål om kor mykje av overskotet skuldast redusert pris til sauebøndene? Påstand om annan pris til bøndene i Rogaland, samt at den høgare prisen i Rogaland er finansiert med omsetningsmidlar, som ikkje er mogeleg å hente ut i marknaden.</p> <p>Teig svarte at omsetningsavgift absolutt ikkje vert brukt til å subsidiere høgare pris tidleg i sesong. Har berre ei prisløype, likt over heile landet. Pris til våre kundar (engrospris) er også redusert, i samsvar med pris til bonde. Ligg også i kalkylene inn til Nortura si skjering.</p> <p>Teig orienterte også om vedtak i styret onsdag: Godkjenner uendra trekk i Nord-Norge trekket pga risiko for at det vert gjort endringar på distriktstilskotet.</p> <p>Teig vil i kretsmøta vektlegge årsmelding og rekneskap, dei enkelte dyreslaga med fokus på lam og kva som er gjort for sal, samfunnsrekneskap, Nord-Norge trekk og vedtektsendringar.</p> <p>Teig orienterte om årsmelding og rekneskap, basert på plansjeserien til kretsmøta.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Pris Rogaland: Er mogelegheita til å utnytte prisløypa med tidlegare slakting som folk er opptatt av. Mykje frustrasjon knytt til overskotssituasjonen.</li><li>• Brevet frå Troms Bondelag er fullt av faktiske feil.</li><li>• Må svarast i kretsmøta på ordentleg vis, vurdere å svare ut faktafeila.</li><li>• Endre vil på kretsmøtet gå sakleg og faktabasert gjennom AU sine vurderingar, og gå gjennom brevet frå Troms Bondelag. Gruar meir for å forklare kva som vert gjort for auka sal i butikk.</li><li>• Vurdere brev som motsvar i etterkant av kretsmøta.</li><li>• Brevet vart tatt til orientering i Nordnorsk landbruksråd, med grunngjeving om at det er ei sak for Nortura. Er meldt inn som sak i årsmøtet i Troms Bondelag</li><li>• Uhilda gjennomgang av kostnadsdifferanse mellom Nord-Norge og resten av landet?</li><li>• Flytting av pølser frå Målselv til Tønsberg – har det gjeve forventa effektiviseringsgevinst?</li></ul> | Svein Inge |

- Samfunnsrekneskap pr fabrikk tilgjengeleg på plansjar?
- Korleis ligg vi an med netthandel?
- Svar: I løpet av våren lanserast app mot lag og foreningar som kan bestille varer til t.d. fotballturnering, med handleliste. Jobbar elles med innovasjon. Også i FK-butikkane.
- Viktig at vi støttar opp mot salskampanjar på lam. Oppfordring frå Kolberg om å bruke eigarmakta i val og etterspurnad av varer.

Brit Kari

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering**

---

**2 Sakliste og køyreplan for regionutvalsmøtet 14.03**

Brit Kari orienterte.

Innspel:

- Bruke Harald Ullevoldsæter til rekneskapsorienteringa
- Promotere arbeidet med sal av lam?
- Ikkje hatt møter i fagutvala, droppar info frå dei.
- Orientering om tilførselsarbeidet v/Arne.

**Vedtak: Adm arbeider vidare med sakliste og køyreplan for RU-møtet.**

---

**3 AU møte 13.03**

Møtestart kl 17.

**Vedtak: Møtestart for AU-møtet 08.03 vert kl 17.**

---

**4 Eventuelt**

Ragnhild har fått ein del spm om tilsetjinga av ny rådgjevar sau. Brit Kari avklarte.